

# Tove Mette Arnø Fyllingen

---

**Emne:** VS: Spørsmål til ordførar

---

**Fra:** Liv Hopland van der Kooij <livhopland@yahoo.no>

**Sendt:** onsdag 29. mars 2023 06:52

**Til:** Tove Mette Arnø Fyllingen <tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no>

**Kopi:** Sara Sekkingstad <sara.sekkingstad@alver.kommune.no>

**Emne:** Spørsmål til ordførar

Liv

## BARNEHAGAR

### A: Bemanning - avviksmeldingar

Alver kommunestyre er eigar av kommunale barnehagar.

Kva gjer ein tilsett som gong på gong melder avvik til leiar pga. manglane bemanning, der dei tilsette føler dei ikkje kan stå inne for sikkerheita til borna ?

Me har lest om ein communal barnehage i EIN nabokommune som har mått stengja enkelte avdelingar pga. av manko på personale og foreldre har klaga på for få på jobb. Sjukdom kan ein ikkje gjera noko med og når ein manglar vikarar må det få konsekvenser.

Grensa for kva som er forsvarleg bemanning vil i dei fleste tilfeller vera høgare hjå ein barnehagetilsett ein hjå ein forelder, så når den tilsette varslar om at hen føler seg utrygg på jobb er det all grunn til å ta hen alvorleg. Og uansett kva styrar meiner, skal ein i alle tilfelle få tilbakemelding på avviket.

I ei idell verden skal styrar enten lukka avviket eller meld «problemet» inn høgare i det kommunale hierakiet og det skal bli løyst der eller meldast høgare opp.

Tilslutt er det me som kommunestyre som er ansvarleg.

**Korleis handterer kommunale barnehagar melding om avvik pr i dag?**

### B. Opptak i barnehagane

Kommunestyret har blitt orientert om at kommunen har mange ledige barnehageplassar.

**Kva er da grunnen til at dei kommunale barnehagane avisir born som kjem til i løpet av barnehageåret.?**

Det er meiningslaust at foreldre skal køyra mange mil ekstra, der dei passerer minst tre kommunale barnehagar for å få plass i ein privat.

**Er det ikkje eit paradoks at private barnehagar klarar å ta inn born fortløpende gjennom barnehageåret, men ikkje dei kommunale?**

**Liv Hopland van der Kooij**